



3 år gamle Darius mottar den store sjekken av ordfører Synnøve Solbakken saman med broren Ianis(5 år) og mamma, Angelica.

- No blir det datamaskin, jubla mamma Angelica Bodea, opphavelg frå Romania, då namnet til den 3 år gamle son hennar, Darius, vart trekt ut som vinnar av Kvinnherad kommune sin tilflyttarpris på 10.000 kr. Bakgrunnen for jubelen er at ho treng PC for å følgja opp heimeleksene i det nettbaserte læreverket som vert brukt i norskopplæringa, best mogeleg.

Familien Bodea har budd i Uskedalen i om lag eit halvt år. I tillegg til Angelica og gutane Ianis og Darius, er også pappa Emil ein viktig del av familien. Han var på jobb då dei reiste til samlinga på Husnes. Familien er full av lovord om mottakinga dei har fått i den nye heimbygda si. Dei har allereie fått gode venner, og har etablert eit godt nettverk. Darius og Ianis går i barnehagen 3 dagar i veka. Desse dagane går Angelica på norskopplæring på Husnes. Faren, Emil, jobbar som snikkar. Han lærer norsk heime saman med kona, og no skal dei altså bruka tilflyttarprisen til PC som er eit vært viktig hjelpemiddel i denne opplæringa.



Elias Elev mottar Harding sin tilflyttarpris av Siri Rusten.

Også Harding delte ut tilflyttarpris. Den skal gå til ein tilflyttar mellom 15 og 35 år. Også denne prisen er på 10.000 kr, og den gjekk til den 33 år gamle snikkaren Elias Elev som er busett på Husnes, men som opphavelg er frå Estland. Han har budd 9 månader i Kvinnherad.

I tillegg var det fleire utdelingar. Ei 2 år gammal jente fekk gåve av Hildring(Jorunn Larsen) og Hermann Helvik frå Rosendal vann ein Ipad då han vann quizen til Tysnes Sparebank.



Siren Simones og Daniel Haugland frå Tysnes sparebank stilte på stand med quiz og informasjon.

I tillegg til dette fekk dei frammøtte gode velkomstord av ordførar Synnøve Solbakken, og ein god dose informasjon om det som den vakre kommunen har å by på, og elles kva som rører seg her. Det var også muligheter for lag og organisasjonar å få kontakt med nye medlemmer ved å stilla med stand.

Til saman vel 80 av dei 488 som flytta til kommunen i siste halvår 2014 og første halvår 2015, møtte opp til samkoma. Dei vart møtta av feiande gammaldansmusikk av Kvinnherad Folkemusikklag i foajèen då dei kom. Elles var det kulturelle innslag av dansarar frå kulturskulen og Husnes Musikklag. Innlagt pause med enkel servering var det også. Arrangørstaben med Karen Thauland og Emma Reigstad har god grunn til å vera fornøgde. Denne årlege samlinga er viktig for dei nye innbyggjarane våre.



Uskedelingane Angelica, Darius, Ianis, Abdirizaq og Karl Heinz(bak) saman med dei to Sundebuane Haylom og Haben(heilt til venstre)
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland